



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 18/2017

Møtedato: 28.8.17

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

Søknad om omlegging av stølsvegen ved Nørre Trøllhøvd

Stølsvegen «Jaslangvegen» søker om å få leggja om deler av vegen gjennom stølslaget. Tiltaket omfattar både omlegging og utbetring av eksisterande veglei. Omlegging er å rekne som grundisponering etter fjellova §12 og skal godkjennast av Statskog etter uttale frå fjellstyret. Utbering av vegen er å rekne som vanleg vedlikehald og er ikkje søknadspliktig. Stølsvegstyret må avklare utbering i samråd med stølsbrukarane og hyttefestarene som kan bli berørt av tiltaket.

Søknaden skal også behandlast av kommunen. Vurdering av registert viktig naturtype «slåttemark» og vurdering etter naturmangfaldloven må gjerast av kommunen.

Tiltaket er planlagt av Møsen skog og er nærare skissert i plan datert 26.4.17. Utdrag frå hovudtrekk i plan:

- Opprusting, omlegging og nyanlegg omfattar totalt 1700 meter. Veien skal byggjes med minimum 5,5 meter veibredde etter ønske fra byggherre. Ellers er veien planlagt etter veiklasse 2 etter normaler for landbruksveier.
- Start er ved Brendehaugen og avslutning med parkeringsplass er ved krysset opp til Haugostølen.
- Mulighet for fjelltak ved Brendehaugen hvor masse til nyanlegg og breddeutvidelse kan hentes etter godkjenning fra kommunen. Behovet for sprenging vil avhenge av kvalitet på stedegne masser.
- Omlegging med ca. 355 meter nyanlegg over jorde og tilbake på Jaslangvegen ved eiendom 94/1/665
- Det er forslått å legge veien høyere i terrenget fra 750-970 meter. Årsaken er å hindre at veien driver igjen med snø og gjøre brøyting lettere. Eiendom 94/1/822 er registrert med viktig naturtype «slåttemark». Dette må vurderes av kommunen i forhold til omlegging.
- Det er også foreslått å flytte veien mot sør fra 1415-1620 meter ved Hausåkerstølen for å hindre at veien driver igjen med snø.
- Opprusting av eksisterende vei med breddeutvidelse, grøfting og grøftrensk, skifting og supplering av stikkrenner. Etablering av flere møteplasser.



I følgje plan gjeld omlegging av vegen ein strekning på 355 meter. Omlegging omfattar at vegen blir lagt over stølsjorde 94/1/678 (ca. 110 meter). Noverande brukar, Knut Berge, ynskjer ikkje å behalde dette arealet, men ynskjer å overføre det til nabostølen (94/1/617), tilhøyrande Steinar Haugrud. Det er sendt søknad om overføring, men søknaden er sett på «vent» inntil ny veglei er godkjent. Både Knut Berge og Steinar Haugrud har tilrådd at omlegging av vegen kan skje over stølsjordet.

Statskog og fjellstyret har sett på tiltaket saman med søkjar under befaring den 26.6.17. Styreleiar i stølsvegen sa under befaringa at det ikkje var aktuelt å lage massetak ved Brændehaugen. Søknaden er derfor behandla ut frå at det ikkje blir massetak her. Stølsvegen har også eit gammalt massetak i nedkant av lia sørvest for stølslaget. Grustaket er avslutta for bruk til vanleg grusing, men det kan vurderast om det kan vera brukande masse her til ev. fyllmasse. Grustaket skulle uansett vore pynta til. Ideelt skulle stølsvegen fått krav om dette før det blir gjeve løyve til nye tiltak, men det er vanskeleg å stille krav om dette om masse skal brukast herifrå. Det må uansett vera eit vilkår for godkjenning av tiltaket at det gamle massetaket blir pynta til.

Det skissert ein parkeringsplass ved avkøyring til Haugostølen (94/1/591). For vinterparkering er det nødvendig å lage til parkering her. Det er ikkje laga til plan for opparbeiding av parkeringsplass og det vart sett på ulike løysingar for parkering under befaringa. Sidan det ikkje er lagt fram detaljplan for parkeringsplass, må det sendast eige søknad om dette før ein kan vurdere denne delen av tiltaket.

Tiltak av denne karakter er det vanleg å leggja ut til offentleg ettersyn. Berge og Haugrud har samtykka i tiltaket, men dette gjeld berre deler av ny veglei. Søknaden bør derfor leggjast ut til offentleg ettersyn. Plan for parkering ved Haugostølen må også vera klart før saka kan leggest ut.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret legg søknaden ut til offentleg ettersyn. Saka vil bli lagt ut til ettersyn når det er lagt fram detaljplan for parkering ved Haugostølen (94/1/591).

Vedtak:

Fjellstyret legg søknaden ut til offentleg ettersyn. Saka vil bli lagt ut til ettersyn når det er lagt fram detaljplan for parkering ved Haugostølen (94/1/591).

Vedtaket er einstemmig.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 28.8.17

Harald Ranum
Sekretær

Utskrift: Stølsvegen v/Gjermund Myrvang
Statskog
Vestre Slidre kommune
Steinar Haugrud
Knut Berge
Torill Trøen